

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.08.2016

ORIENTERING

Norsk klimaservicesenter orienterte om «Klimaprofil Hordaland». Følgjande deltok: Inger Hansen-Bauer, KSS/MET, Hege Hisdal, KSS/NVE og Brigit Samdal, NVE

OPEN TIME

Silje Hjemdal (Frp) viste til junetinget sitt vedtak i saka om ny godsterminal (PS 58/16) og kommenterte at berre delar av vedtaket vart publisert på fylkeskommunen sine nettsider. Ho bad om at heile vedtaket i viktige saker vert publisert i framtida. Fylkesrådmannen stadfesta at dette vil verte gjort.

Silje Hjemdal (Frp) bad om status for vardeprosjektet ved nye Åsane vidaregåande skole. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med skriftleg svar.

Tom Sverre Tomren (MDG) gjorde merksam på prosjektet FriskBy Bergen og spurde om fylkeskommunen er kontakta med tanke på samarbeid. Fylkesdirektør regional utvikling opplyste at han ikkje kjenner til slikt initiativ. Han stiller seg positiv til dialog.

Tom Sverre Tomren (MDG) viste til at det til tider er dårleg korresponanse mellom ulike tilbydarar av kollektivtransport, t.d. buss, bane, tog, og spurde om manglande korrespondanse vert registrert og evaluert. Direktøren for Skyss orienterte om problemstillingar knytt til ruteplanlegging og stadfesta at feil vert kontinuerleg registrert og evaluert.